

*Finanskomiteen 21. oktober 2014*

*Manus, generalsekretær Rune Hetland, LLA*

Takk for at vi får møte dåke og snakke om dei viktigaste avisene i verda, lokalavisene landet rundt.

Landslaget for lokalaviser, eller LLA som vi seier i kvardagen, er interesseorganisasjonen for om lag 110 lokalaviser, fådagarsaviser frå Svalbard i nord til Søgne i sør. Dei er avmerka på det fine norgeskartet som nå er på vegg.

LLA arbeider med rammevilkår presspolitikk som spørsmålet om moms og produksjonstilskott, og porto.

Vi satsar og stort på kompetanseheving i lokalavisene med over 400 på skreddarsydde avisfaglege kurs årleg, gjort muleg av litt støtte gjennom etterutdanningsmidlar på statsbudsjettet. Det handlar om samfunnsoppdraget.

Vi hjelper også medlemmene i annonsemarkedet som er stadig meir krevjande, der fleire avgjerder som blir tatt utanfor det lokalsamfunnet der avisene held til.

Dei mange små lokalavisene er til saman store. Fådagarsavisene har nær 600.000 i opplag, og om lag to millionar nordmenn les kvar utgåve av ei fådagarsavis på papir. I tillegg kjem det digitale nå for fullt.

### **Lokalavisene er viktigare enn nokon gong.**

Økonomien har ført til at dei store dagsavisene i stor grad trekkjer seg inn mot sine kjerneområde. Lokalavisa er i praksis den einaste fellesarenaen i sine lokalsamfunn; for informasjon, eit kritisk blikk på aktuelle saker, debatt og ikkje minst synleggjering av lokal kultur, spesielt organisasjonslivet.

Lokalavisene er sjølve grunnfjellet i lokaldemokratiet og treng alle journalistiske ressursar for å kunne løyse dette enorme samfunnsansvaret.

Lokalavisene har alltid vore langt framme i teknisk utvikling, det har dei måtta for å kunna klare seg med små ressursar. Mange av dei er og langt framme i den digitale utviklinga. ÅL inclusive er blitt eit begrep i den digitale debatten i landet. Det er avisa Hallingdølen på ÅL, som den første avisa i landet, og kanskje i verda, la ut alt innhald til abonnentane enten dei ville lesa på papir, Pc, brett eller mobil. Det har lukkast bra å få med lesarane. Men det er ikkje lett å få med annonsepengane over til det digitale. Lokalavisene gir aldri opp, men det digitale har trekk av at The Winner takes it all.

Framtida handlar ikkje berre om omstilling til det digitale. Det kan hende at det i kjent framtid vil vere slik at lesarar vil ha forskjellig innhald på papir og digitalt. Uansett så er det innbyggaren/lesaren som bestemmer. Det er derfor det er så viktig at politikken set

lesaren i førarsetet; det vil seie samme fritak frå avgift på samfunnsinnhald, uansett kor dei vil lese.

Vi i LLA skjønar heller ikkje at fritaket for moms på papir treng vere ein del av det som nå skal bli lagt i hendene på ESA. Dette fritaket er i dag i hendene på norske politikarar, der bør det også vera i framtida.

Mykje er og blir sagt om produksjonstilskotet. Men ein ting er sikkert, dette har vore ei suksesshistorie når det gjeld lokalavisene.

Frå vekeavisene fekk produksjonstilskott i 1990, er det starta over 100 lokalaviser her i landet, og dei fleste har klart seg og utvikla seg til viktige aviser i sine lokalsamfunn. Kvar lokalavis får ikkje så mange hundre tusen kroner i støtte, men dette er eit såkorn som utløyser utruleg mykje. I desse dagar når eigeninntektene er under press vil eit kutt i produksjonstilskotet vere særskadeleg.

Tyske forskarar har funne ut at utbreiinga av lokalaviser gir betre ressursbruk i norske kommunar. Også dei kan altså brukast som sanningsvitne for at gode rammevilkår som gir livskraftige lokalaviser er ei lønnsam investering for samfunnet.

### **Mediepolitikken handlar om mykje meir enn pengar.**

Det handlar om kva verdier samfunnet vårt skal bygge på. Reell ytringsfrihet er demokratiets lunge, og treng verkeleg luft i ei tid der mediene har åndenød, og journalistikken blør under sparepiskan.

I år feirar me 200 års jubileum for vår flotte grunnlov. Det vil vera ei verdig markering å styrke § 100 om ytringsfriheit ved å gjere prinsippet om at det ikke skal være avgift på det frie ord uavhengig av distribusjonskanal.

Lukke til med det utruleg viktige arbeidet de gjer for landet.